

Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 09.02.2021

Svar frå fylkesrådmannen:

Det er utarbeida eit framlegg til kommunedelplan for E16/E39 Klauvaneset-Vågsbotn-Arna. Bergen kommune gjorde vedtak om utlegging til offentleg ettersyn 19. november 2020.

Rundskriv R-108/19 Statens prosjektmodell, tilseier at det skal bli fastsett økonomiske styringsmål for alle større statlege prosjekt. Statens vegvesen har ut i frå dette fått pålegg om å ikkje leggje ut planframlegget til offentleg høyring før det ligg føre eit framlegg til økonomisk styringsmål. I skrivande stund ligg saka no i Statens vegvesen, og skal bli oversendt Samferdsledepartementet for vedtak av styringsmål. Etter det fylkesrådmannen får opplyst, kan saka sendast ut til offentleg ettersyn når framlegg til styringsmål er godkjent hos Vegdirektøren og oversendt departementet.

Etter det fylkesrådmannen kjenner til, bør styringsmål vere vedteke for at prosjekt skal kome inn i første 6-årsperiode av Nasjonal transportplan. Det vil ikkje nødvendigvis vere krav til at reguleringsplanen er godkjent.

Fylkesrådmannen har ikkje opplysingar om kva for konsekvensar dette kan få for prioritering av prosjektet i Nasjonal transportplan.